



## Notat

Dato: 27.05.2019  
Arkivsak: 2016/11221-41  
Saksbehandlar: nilvetl

---

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging - statusmelding til kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama i møte 19. november 2018 oppfølging av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og ba om statusmelding for fire punkt i fylkestinget sitt vedtak i møte 6. mars 2018 om forvaltningsrevisjonsrapporten.

Punkta det er bede om statusmelding for er nr 1, 2, 5 og 6 i den nemnde fylkestingssaka frå mars 2018.  
Punkta går fram nedanfor:

1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.
  2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
- 
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
  6. Å vurdere om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane.

Fylkesrådmannen går nedanfor gjennom status for dei fire aktuelle punkta:

**Status for punkt 1:**

I samband med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, er det etablert eit eige prosjekt for etablere felles prosjektstyringsrutinar inkludert usikkerheitsberekingar i kostnadskalkylar for byggeprosjekta.

Prosjektet blei starta straks etter leiar for seksjonane i Eigedomsavd. var avklara. Framdrift i prosjektet er at rutinar skal vere reviderte og klar frå oppstart av Vestland fylkeskommune.

**Status for punkt 2:**

Fylkesrådmannen kan opplyse at ein i arbeidet med prosjekt i tidleg fase har lagt vinn på å sikre at dette vert tydeleg også overfor politisk nivå. Forvaltingsrevisionen peika på at dette ved fleire høve ikkje hadde vore tilstrekkeleg klarlagt. Fylkesrådmannen er samd i at dette der eit viktig punkt for å sikre at det ligg føre eit forsvarleg grunnlag for å gjere politiske vedtak.

Ved overføring av fylkesvegdelan av sams vegadministrasjon vert det viktig å understreke dette. Samstundes skal Sogn og Fjordane og Hordaland sine praktiske tilnærmingar tilpassast. Fylkesrådmannen vil difor arbeide for å få til gode rutinar for kostnadsestimat for prosjekt i tidlegfase alt frå oppstart av Vestland fylkeskommune.

**Status for punkt 5:**

Fylkesrådmannen har ikkje prioritert å fastsetje slike kriterium for Hordaland fylkeskommune no. Som kjent, har Statens vegvesen krav om kvalitetssikring av prosjekt innanfor ulike kostnadsintervall.

Fylkesrådmannen vil vurdere å innføre ekstern kvalitetssikring av store investeringsprosjekt når Vestland fylkeskommune har starta drifta.

**Status for punkt 6:**

Det går fram av kontrollutvalssaka i november 2018 at fylkesrådmannen legg opp til å følgje opp dette punktet i samband med budsjett 2020 for Vestland fylkeskommune.

Fellesnemnda er finansutval for budsjettprosessen for Vestland fylkeskommune for 2020. På administrativt hald vert prosessen gjennomført i samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune. Prosessen er i god gjenge og budsjettet er til handsaming på kvart møte i fellesnemnda.

Budsjettprosessen for 2020 er likevel spesiell ettersom det er fellesnemnda som står for den politiske delen av prosessen og det er samarbeid mellom to fylkeskommunar om den administrative. Fylkesrådmannen er difor kome til at det vil vere meir føremålstenleg å trekke inn det nyvalde finansutvalet i dette arbeidet, så raskt det lar seg gjere etter utvalet er kome i funksjon.